

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 56/2003

Møtedato: 5.11.03

Arkiv nr:

LØYPEKART FOR LØYPEPREPARERING - ENDRING

Etter forskrift til motorferdselsloven kan opparbeiding og preparering av skiløyper og skibakkar for allmennheita og for konkurransar skje utan løyve, når det blir gjort av kommunar, hjelpekorps, idrettslag, turlag eller turistbedrifter. Grunneigar kan nekte eller stille vilkår til slik køyring.

Fjellstyret har tidlegare drøfta skiløypenettet i allmenningen. I sak 30/95 gav fjellstyret uttrykk for at det etter kvart begynte å bli mange løyper og i sak 7/97 vart derfor ein del løyper sløyfa eller endra.

I allmenningen har vi 3 løypelag (Vaset, Syndin og Nøsen). I tillegg har to privatpersonar køyrt opp løyper utan å vera knytt til løypelag eller anna. Dei som ikkje er med i eit løypelag, må enten knytte seg til eit løypelag eller søkje kommunen om dispensasjon. Det har også skjedd at hytteeigarar har tinga dei som driv med transport til å laga løyper.

Fjellstyret ynskjer å høyra dei ulike laga og få samordna løypenettet betre enn det er no. I samband med nytrykking av turkart for V.Slidre og Statens kartverk sitt kart Gol-Fagernes, er det viktig å få inn løyper som er korrekte og som vil bli preparerte.

I møte med løypelaga den 13.11.02 drøfta fjellstyret skiløypenettet med løypelaga. Vi har seinare fått skriftleg tilbakemelding frå løypelaga med ynskje om ein del endringar. I møtet drøfta ein også bruk av laminerte bevis for dei som får avtale om løypekøyring og løysingar om merking snøskuter slik at det går fram at kjøringa dreiar seg om løypepreparering. Kommunen har framlegg om å bruke laminerte bevis for dei som får kommunalt snøskuterløyve.

Fjellstyret skal ta stilling til løypetraseane før Statskog oppretter avtale med dei som driv løypepreparering.

Fjellstyret har tidlegare også laga kart for leigekjøring og dei som kan kjøre med heimel direkte i loven og fjellstyret har også vurdert traseane på nytt.

I sak 86/02 gjorde fjellstyret følgjande vedtak:

Fjellstyret tilrår at Statskog opprettar avtale med Vasetløypene, Nøsen løypelag, Vestfjelløypene, Eivind Fosheim og Knut Kjøs Egge. I avtalen skal det stillast vilkår om bruk av korrigert løypenett som er utarbeidd etter møtet med løypelaga.

Fjellstyret vil kjøpe inn markeringsvest med tekst "løypekøyring" som skal brukast av dei som kjører løyper. I tillegg bør det arbeidast ut laminert bevis der vilkår for kjøringa går fram. Pålegg om bruk av dette må også inngå som ein del av avtalen.

Fjellstyret tilrår også mindre endringar på løypekart for kjøring med kommunalt løyve og kjøring med direkte heimel i motorferdselsloven.

I brev datert 9.10.03 søker Vasetløypene om endring av fastsett løypetrase. Løype over Nøsakampen går ut og blir erstatta med ei to nye løyper på kvar side av Rensenn mot Nøsen og Kinnhølt. I tillegg blir det søkt om ei ny løype frå Nøsen til Jaslangen.

VEDTAK:

Fjellstyret ser positivt på tiltaket og tilrår at Statskog opprettar avtale med søkjaren med endringane som er foreslege.

Vedtaket er einstemmig .

Vestre Slidre fjellstyre den 6.11.03.

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Statskog, Pb 62 2901 Fagernes
Nøsen løypelag v/Nøsen fjellstue 2960 Røn
Vasetløypene v/Torgeir Lasskogen 2960 Røn